

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 06.10.2015  
Vår ref.: 2015/8868-2  
Saksbehandlar: inggase  
Dykkar ref.: «REF»

## **Dispensasjonssøknad - pbl § 19 - riving av verneverdig lemstove - nybygg bustad - gnr 226 bnr 2 - Storholmen - Lindås kommune. Kulturminnefagleg fråsegn.**

Vi viser til brev datert 28.08.2015 med sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektormyndede for kulturminnevern.

Vi gjer merksam på at Hordaland fylkeskommune for tida handsamer dispensasjonssaker berre med omsyn til kulturminneinteresser, og føreset at kommunen sjølv vurderer andre sider av saka.

### **Kva saka gjeld**

Saka gjeld søknad om riving av eldre bustad og oppføring av nybygg på gnr 226, brn 2 på Storholmen i Lindås kommune. Tiltakshavar ynskjer å plassere ny bygning oppå eksisterande grunnmur for å behalde «grovkjellar» til det gamle huset.

Området er i kommuneplan 2011-2023 avsett til arealføremål LNFR. Tiltaket må difor ha dispensasjon frå kommuneplanen og byggeforbod i strandsona.

### **Kulturminnefagleg vurdering**

Det er eit sjeldan og svært godt ivareteke kulturlandskap frå nyare tid på store delar av Storholmen. Det er 12 SEFRAK-registrerte kulturminne på øya. To av desse, eit naust og ein potetkjellar er eldre enn 1850 og meldepliktig jf. kml § 25. Løa og lemstova er frå slutten av 1800-talet. Dei andre registrerte kulturminna er hustuffer av ulike slag.

Huset som ein ynskjer å rive er eit godt døme på ei klassisk lemstove, som innan vestlandsk byggeskikk var særleg vanleg frå midten av 1800-talet og fram mot 1900. Det er eit bustadhus som er bygd opp av to laftekassar av lik størrelse med eit skot i mellom. Skotet vart brukt til kjøkken og arbeidsrom på kalde dagar, mens den eine laftekassen var kvardagstove og den andre finstove. Heile konstruksjonen har kleding av bord. Då det vart innlagt pipe kunne ein ha lem i halv etasje over stovene. Lemmen/loftet vart brukt som soverom og isolerte første etasje.

Dispensasjonssøknaden dokumenterer godt tilstanden på huset både utvendig og innvendig. Den viser òg at huset er godt tilpassa kulturlandskapet. Hordaland fylkeskommune kan ikkje sjå at tilstanden på huset er i så dårleg stand at det bør rivast. Når det gjeld tilstanden utvendes, ser me at det er trong for vøling. Om det er behov for å forbetre standarden på kjøkken og toalett, kan det la seg gjere utan å måtte rive huset. Vi ber

difor kommunen om å informere tiltakshavar om at bygningsvernkonsulenten ved Kulturverntenesta, Museumssenteret i Hordaland kan nyttast som rådgjevar i høve til dette arbeidet. Fylkeskonservatoren kan og bidra med kulturminnefaglege råd om det er ynskjeleg.

Hordaland fylkeskommune meiner at ulempene ved å gje dispensasjon er klart større enn fordelane då tiltaket vil få negative konsekvensar for kulturminneinteressene. Vi minner difor om at kulturminne er ikkje-fornybare ressursar som bør takast vare på for nolevande og kommande generasjonars oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd jf. kml § 1. Omsynet til føremålet med pbl § 1 vert vesentleg tilsidesett dersom det vert gjeven dispensasjon med omsyn til at: *Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.* Tiltaket er òg i strid i høve til at det ikkje sikrar vern av verdifulle landskap og kulturmiljø jf. pbl 3-1.

### **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune rår sterkt i frå at det vert gjeve dispensasjon til riving av verneverdig lemstove og oppføring av nybygg på gnr 226, brn 2 på Storholmen i Lindås kommune. Vi ber om at kommunen informerer tiltakshavar om at Museumssenteret i Hordaland eller Fylkeskonservatoren kan bidra med kulturminnefagleg rådgjeving om nødvendig.

Vi bed om å få sendt over vedtaket i saka for eventuell vurdering av klage, jf. Miljøverndepartementets rettleiar Kommuneplanens arealdel, T 1382.

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Inger Lena Gåsemyr  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*